



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

Dato: 15.04.2002
Journal: 2002/000235
Arkiv: 024
Vår ref.: TR
Dykkar ref.:
Dykkar brev av: 04.03.2002

Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

UTTALE TIL FRAMLEGG OM ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA. TIDSFRISTAR I PLANBEHANDLINGA.


Herøy kommune har motteke høringsforslag om endring i plan- og bygningslova, om tidsfristar i planbehandlinga.


Ved å setje tidsfristar på handsaming av regulerings- og bebyggelsesplanar, må ikkje berre kommunen arbeide meir effektivt med kvar sak. Kommunen må også stille mykje større krav til private tiltakshavarar som legg fram private forslag. Desse må levere planar som er meir gjennomarbeidd og med ein anna kvalitet enn dei ofte gjer i dag. Dette for at kommunen ikkje lenger kan bruke tid på å hjelpe tiltakshavarane med utarbeidinga av planar pga tidspresset. Følgja vil bli dårlegare service til tiltakshavarane på private planar, og kvaliteten på planane vil bli dårlegare. I tillegg vil det verte ei dyrare ordning for private tiltakshavarar.

Ein ber departementet om å vurdere forslaget på nytt og sjå på og vurdere dei forslag som blir stilt sentralt opp mot ressursar som finst lokalt.

Ein viser også til Samarbeidsregjeringa sitt mål om ei enklare offentleg forvaltning. I denne politikken vert uttrykt behov for å redusere staten si detaljstyring overfor kommunane gjennom auka rammestyring og reduksjon av reglar og kontrollordningar. Som kommune må vi forvente at fagdepartementa samordnar sine innspel og fører ein konsekvent og forutsigbar politikk overfor kommunesektoren. Vi opplever endringar i plan- og bygningslova som det no vert lagt opp til er i strid med den overordna politikken som i det siste har vore uttrykt overfor kommunesektoren.

Herøy kommune føreset at departementet avklarar utspelet i høve regjeringa sin overordna politikk og revurderer utkastet.


Rune Sjørgård
Rådmann


Tanja Ratteseth
Planleggjar

Kopi:

Ref. Herøy kommunestyre
Kommunenes Sentralforbund, Oslo
Kommunal- og regionalminister Erna Solberg
Arbeids- og administrasjonsminister Victor Norman
Sunnmørsposten
Vestlandsnytt
Søre Sunnmøre regionråd